Annnabell toppar lista

17.11.2012

I morgon klokka 16 startar skulemusikken den årvisse basaren sin i Helgheim og eldsjelane som held korpset igang er no - eit døgn før - igang med å få dei mange fine gjenstandane på plass. På toppen av gevinstlista står dden flotte dokka Baby Annabell og ddet soppar ikkje med henne.
Ho har fått stor omsorg sidan ho kom til bygda: Mari Haugland og Hilda Gloppen har strikka klede! Sjå biletet over og under!

Korpssstyret håpar på godt framøte i morgon. Dei er allereie godt på tur.
Det er gjort ein stor innsats med loddsal på bygda og på SPAR.
Berre i butikken og berre i dag er det selt lodd for rundt 5000 kroner og bygdefolket vert rosa for stor velvilje.
Den vert nok ikkje mindre i morgon ettermiddag!
Basarar er ikkje 'in' i same grad no som tidlegare, men her i bygda lever basarånden framleis, folk ser kor viktig det er å stå saman om gode føretak.
4 faste basarar lever framleis: Helselaget, skulemusikken. Vonheim og bedehuset. Dei vil leva vidare, håpar vi.

Foto: Ola Matti Mathisen

Baby Annabell